


Kyrkjeklokka

Nr 4 - 2021

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

85. årgang



HVOR HØRER DU VEL HJEMME?

JULA FØR

TIDLEGARE KYRKJEVERJE ALV O. BERGSET 90 ÅR

**MISJONSARBEIDET I MALI HELD FRAM,
TRASS I MYKJE URO**

EI KROPPSLEG JUL

HVOR HØRER DU VEL HJEMME?



Olaf Sigurd Gundersen fødd 1946 i Bergen. Sokneprest i Gloppen frå 1982 til han vart pensjonist.

Han er m.a. kjend for å ha halde gudstener i uvanlege omgjevnader som fjøs og søppelfyllingar. Tok påska 2001 initiativet til «verdas lengste gudsteneste», ved at heile Bibelen vart lesen utan avbrot over fleire dagar – til saman 88 timar og 25 minutt. I Dag er han vikarierende prest i Nordre Vågsøy.

Det var i dei dagane då vi bad «Fader vår» på skulen, hadde juletre-fest med pålegg, Pål sine egg og gaffelbitar, på skivene, og kakao i koppen, at vi var heldige om vi etter «No koma Guds englar», fekk syngje «Jeg gikk meg over sjø og land.»

Songen har eit spørsmål det enno kan vere grunn til å fundere over:

«Hvor hører du vel hjemme?»

«Heim til jul» er ein fin tittel på ei rørende juleforteljing. Det er gildt å ha ein stad å høyre heime.

I Gjenbruksbutikken på Nordfjord-eid er det mange heilt forskjellige ting, men alle har dei ein ting felles: Dei høyrer ikkje lenger heime nokon stad. Det å høyre heime, gjev oss identitet og verdi.

«Hvor hører du vel hjemme?» I jula vert kyrkjene fylte av store og små. Kan vi kalle det ein slags heimlengsel? Dei faste stamgjestene er i mindretal. Ein prest kan lett syrleg ønskje julegjestene velkomne neste jul. Men er julegleda meir for nokre enn for andre? Adressa for julegleda er: «Sjå eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket».

«Hvor hører du vel hjemme?» Du høyrer heime midt i gleda. Ei gleda er berre ekte glede når ho utan forskjell og vilkår gjeld alle. Heile folket - også i 2021. Oss, ikkje meg, men oss, ikkje enkelte, dei som har noko med det, men oss.

«Oss er i dag ein Frelsar fødd.» Det er vårt felles håp og glede. Døden og fortvilninga har ikkje siste ordet. Håpet har det siste ordet. Du høyrer heime i eit fellesskap døden ikkje kan bryte. Du høyrer heime hjå Gud. Ikkje berre i jula, men evig.

Englane for tilbake til himlen etter utført oppdrag, gjetarane vende tilbake til sauer og kvardag. Tilbake er eit ord med deprimerande klang, Bli tilbake og gløymd, tilbakehalden, tilbaketog, tilbake-skrutt. Kva er tilbake etter at englane er forsvunne, gjetarane tilbake på markene og stjerna slokna? Kva er tilbake for oss? Kvardagen med dei daglege undera. Er det ikkje eit under at Gud gav oss livet, så vi ikkje skulle nøyast med ingenting? Er ikkje familien, dine kjære, eit Guds under?

Vi får høyre heime hos Gud. Du har alltid høyrte heime hos Gud, sjølv når du var «bortreist». Det er forundringa sin fest vi skal feire, forundringa over kor vi høyrer heime, sidan Gud kom til oss i Jesus Kristus.

Utdeling av 4-årsbok i Oppstryn

Beate Ø. Glomnes



Desse fekk bok: Axel Aahjem, Isak Nesje Drageset, Lotta Olesen Nesje, Ellie Greidung-Jones og Agnar Bergset Hjelle.

Hausttakkefest i Oppstryn kyrkje 24.10.21.

Tradisjonen tru vart det delt ut bok til alle 4-åringane. I år var det fem born som skulle få denne.

Desse gjekk i prosesjon inn i kyrkja etter dåpsfølgjet. Alle hadde med kvar si lita korg med frukt og grønnsaker som høyrer til hausten.

Det var nokre spente born som

kom fram då presten ropte dei fram. Nokre gjekk fram åleine, medan andre syns det var tryggast med følgje av ein vaksen.

Her og frå utdeliga av 4-årsboka i Ljosheim kapell i Oldedalen.



Gudmund Martin Olden



Johannes Høgalmen




Rasmus Åbrekk



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Eg har vore i Oslo. Heimreisa tok si tid. Med el-bil og ekstra ventetid på Strynefjellet går dagen. Men så fekk eg tid å tenkje. Og det er tankar langs vegen dette skal handle om, ikkje sant?

Eg har vore på gudsteneste i Oslo, storfamiliegudsteneste, med barnesongar, piano og trommer, skattekiste og kyrkjekaffi. Fullt hus, alle aldrar. Om lag slik vi har det på gode dagar her hos oss. Endå til teiknebretta frå Stryn hadde dei på plass. Skilnaden var at der var fire prestar på jobb den dagen, men la no det ligge. Poenget mitt er at vi ligg ikkje så langt etter storbyen når det gjeld å arrangere gudstenester som fengjer. Likevel kan vi oppleve at det er god plass i kyrkjebenkane når det ikkje skjer noko ekstra. Det er ikkje lenger så mange som går til gudsteneste av «plik» når søndagen kjem.

Skulle det vere plikt å gå til kyrkje? Det kunne vere fint det vel? Fullt hus kvar gong, alle ville lært salmane, ein fekk vere med på alle skiftingane gjennom kyrkjeåret; grønt, lilla, kvitt, raudt, ein ville få vanen med å delta i det som skjer, og oppleve at ein time i kyrkja går nesten litt for fort. Men så kan ein dryge det litt og drikke kaffi og prate med folk ei stund før ein går heim.

Men det blir ikkje plikt å gå til gudsteneste i vår kultur. Difor kjem det stadig forslag til korleis ein kan gjere endringar slik at fleire får lyst til å kome. I Vårt Land den 21. oktober var det intervju med fire gudstenesteansvarlege, to prestar, ein kateket og ein diakon. Dei hadde spurt «folket» kva som var ynskjeleg. Svara kan oppsummerast slik: Messer på kveldstid, musikk som appellerer, ei jordnær og forståeleg forkynning, omsorg for dei som møter opp.

I starten av mi prestedid prøvde eg saman med sokneråda i Oppstryn og Nedstryn å gjere liknande undersøkingar, men vi fekk ikkje mange svar, og svara var sprikande. I Nedstryn var det rett nok ein del som peika på tidspunktet for gudstenestene. Det er mulig det er den ideen vi kan ta med oss når vi no skal planlegge gudstenestene for 2022. Vi må gjere nokre vegval. Skal vi ha fleire kveldsgudstenester? Fleire ungdomsgudstenester? Fleire kvardagsgudstenester? Bette tilbod til ungane under gudstenestene? Eller kanskje vi berre skal samlast endå meir på tvers av sokn? Litt plikt på søndag førmidag?

Når eg tenkjer meg om er det siste forslaget kanskje det beste. Eller kva seier de?



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevevja

Kari Synnøve Muri

Vinter og juletid på gravplassane

I den mørke årstida gjev det ekstra varm og nær kjensle å tenne lys på gravene. Det er stemningsfullt å sjå mange lys på gravplassen i kveldsmørkret.

Vi vil sterkt oppmode alle om å bruke lukka gravlykter, aller helst med jordspyd som sikrar at lykta blir ståande på grava også i uver.

Vi vil særleg be om at alle tek omsyn til to faremoment:

1. Eingongslykter med metall-lok, som blir sett rett på grava, blir lett teken av ver og vind og blir då liggande som avfall rundt på området. Det verste er likevel det som skjer når fuglar (særleg skjor) finn restar av feitt inne i dei utbrende lyktene etter å ha hakka seg gjennom metall og plast. Dei tek restane i nebbet, og det er di-

verre funne ein god del slike øydelagde lykter på bøar nær gravplassane. Desse representerer den same faren som anna metall som hamnar i dyreforet. Det må vi unngå!

2. Faklar med open eld, har ved eitt høve ført til brann-tilløp, og det er observert nesten lukker med brann i tørre plantar og dekorasjonar. Også om vinteren kan det ta fyr i gras og liknande når det er tørt.

Vi anbefaler batterilys, og det er ofte enkelt å skifte batteria. Hugs å ta med defekte batteri/lys til innlevering der dei tek imot den type avfall.

Vi ynskjer alle ei god vintertid – med lys i mørkret!

Redaktørens notis:

Årets konfirmentar kom desverre ikkje med i dette bladet, men kjem på trykk i neste nr. av Kyrkjeklokka på nyåret.



kyrkjaiindrenordfjord



kyrkja i indre nordfjord



stryn.kyrkja.no

Kyrkja i Indre Nordfjord



Stryn kyrjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

Kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag

09.00 - 15.00, tysdag 10.00 - 15.00

Kyrkjevevja Kari Synnøve Muri

kari.muri@stryn.kommune.no

tlf 913 27 882

Sekretær Margrete Lillestøl tlf 578 76 181

Sekretær Anne L. Honningsvåg 578 76 181

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

tlf 578 76 185

Sokneprest Henny Koppen, Mobil 948 32 875/

916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygda og Nordsida

Tlf 578 74 948

Sokneprest Hege Høibye, Mobil 930 01 473

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik, Innvik og Olden

sokneprest Harald Runde, Mobil 911 84 241

runde.harald@gmail.com

Ty, to og fre 10-12

Hornindal sokn

mobil 957 69 292

sokneprest Per Kristian Hovden Sætre

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes tlf 57 876 183

beate.nes@stryn.kommune.no

Kykrjelydspedagog Martine Bø Solbakken

tlf 578 76 180

martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Trusopplærar Guro Petronella Enerhaug

tlf 578 76 182

guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Volda kyrjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

Kykrjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl 10.00 (on 10.30).

14.00

Kyrkjevevja Jostein Stråbø

kyrkjevevja@volda.kyrkja.no

tlf 916 63 549

Morgonmesse i Nedstryn kyrkje

første tysdag i månaden

Første tysdag i månaden er det ei kort nattverdgdusteneste i Nedstryn kyrkje kl. 9.00. Hittil har dette vore for dei tilsette, som del av stabsmøtet. No ynskjer vi å invitere alle som ynskjer å vere med, til denne korte morgonmessa. Det er fint å kunne samlast om ord og sakrament også på ein kvardag, og vi håper at dei som har lyst og høve, vil kome og vere med.

Gudstenesta varer 20-30 min., vi brukar ein forkorta liturgi med nattverd. Det kan bli endringar t.d. ved gravferd på same dag, dette vert i so fall kunngjort på Facebook-sida vår «Kyrkja i indre Nordfjord» og i kalenderen på nettsida www.stryn.kyrkja.no.

Første morgonmesse i 2022 er planlagt tysdag 4. januar kl. 9.00.
Ver velkomne!

EI KROPPSLEG JUL



*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*

Det vart ei underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kanter. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleve slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær. Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit

heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpe-trengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølv dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

Betel – bedehuset i Hjelledalen – 100 år

Marie-johanne Folven

Den 3. oktober feira vi dette huset som ligg midt i Hjelledalen, og som gjennom mange år hadde reklame oppe i Videsvingane der det var språia på støypekanten i ein sving : TIL BEDEHUSET. Det er vel tvilsamt om nokon kom til bedehuset av den grunn, men noko merksemd fekk det, og svingen heiter vel be-dehussvingen den dag i dag.

Det som skjer i Betel, gjeld bygda. Slik også på jubileumsdagen. Folk møtte fram og gåvene av mat og gevinstar var mange, slik dei er når ei bygd står bak. **Difor vil eg gjerne takke alle** som var med og gjorde jubileet til ei verdig markering.

At huset vert brukt, er største gåva bygda kan gje. Slik får historia om huset meir innhald enn berre ei markering og eit hefte. Då vert borna kjende med kulturen og det indre livet i huset. Dei som er



vaksne kan få eit nytt møte med eit gammalt hus, og alle kan vere med å påvirke innhaldet der.

Så og seie alle heimar i bygda har foreldre, besteforeldre eller olde-

foreldre som har gått i Betel og lagt ned arbeid der. No er det vi som må føre arbeidet vidare til glede og velsigning for dei som bur her og dei som kjem etter oss.



Astrid og Tor Glomnes vart heidra for stor innsats i Betel gjennom mange år. Til venstre Berta Urke Berge som leia festen. Til høgre regionsleiar Jostein Bildøy som var dagens talar. Foto: Inge Fænn



Kakebordet var enormt, slik det ofte er i Betel. Her hadde mange lagt ned arbeid og innsats. Marie-Johanne og Othelia. Foto: Inge Fænn



Jula før



Bjarne Greidung

Olaug bad meg fortelje om jula i eldgamle dagar, årsklassen som eg høyrer til --.

Alt er som før, men berre meir forandra! No får handelsstanden påtale for at dei startar jula alt i oktober. Men dei var tidleg ute før og, særleg kvinnfolka. Det skulle spøstast sokkar og vottar til julegåver, med noko kjøpt attåt i sokkebrotet til ongane. Det skulle ryddast, skurast og vaskast til det anga salmiakk og grønsåpe. Men utan høgtalar med White Christmas i bakgrunnen. Mannen skulle skaffe juletre når so langt leid, ofte med ein flokk ungar i snøferda. Vi åtte ikkje gran eller furu, men ein rett-vaksen eine var pent. Berre synd at nålene datt so fort av. Seinare fekk vi tilbod om å gå i grannen sitt plantefelt.

Så var det endeleg juleafta. Stova var pynta, og nystrokne, kvite gardiner stengde mørkret ute. Vi hadde ikkje sengar med fjørmadrass, men sengane stod der med svulmande magari av ny havrehalm, nedstappa rundt kanten av eit mjukt, heimevove ullteppe. Og eg søkkte meg ned i vel-vera og drog i meg angen av sommar og tidleg haust frå halmen.

Sjølve høgtida byrja klokka fem. Juleevangeliet vart lese. Så var det pinnekjøtt av lam eller ung geit og mor sine heimelaga mårpølser! Å,

det smaka vel godt.

(Eit lite innslag om ei tidlegare jul): Det hadde vore vanleg i "gamle dagar" med pinnekjøtt som no, men då skulle det vere nykokte poteter og lutefisk til kvelds omlag kl. 22. Dette var det slutt med i dei fleste heimar. Det vart kaker, småkaker og dessert på den tid i staden.

Men so hende det at min far sin eldste bror kom heim på besøk etter 30 år i Amerika. Og der var det ikkje lutefisk på juleafta. *"Hadde eg visst dette, so veit eg ikkje om eg hadde kome heim til jul!"* sa han. Der hadde han gått på prairie-farmen i tretti år i steikjande sol og streng kulde, og tenkt og lengta: *Kjem eg heim, so får eg lutefisk på juleafta.*

Og mor vart so lei, so lei seg for at ho ikkje hadde laga det til. Ho vona at det var ei trøst at det vart lutefisk til middag 1. juledag i staden.

So tilbake til "mi" tid. Fjøsene skulle stellast som vanleg, og vel so det. Kyrne, geitene og sauene skulle få krubbene fulle av det beste høyet,

- dei skulle ha litt nattmat. Vårknipa var so langt borte.

Men grisen gjekk glipp av etargildet. Han vart slakta til jul. Men han fekk sin herrekost siste vekene av livet sitt. Og eg trur ikkje han hadde tankar om kvifor. Vi hadde hatt eit godt liv saman, og han smågrynta so nøgd når eg kleia han mellom dei stive bustene. Så samvitet var godt når eg åt sylteflesk og syltelabbar.

Juleljosa vart tende. Det var klyper å setje på treet med haldar for talgljosa. Ekte saker. Spenninga var stor når pakkane vart opna. Ludo og Gnav var det ofte. Og det var bra, dei frå i fjor hadde kanskje eseløyre og store manglar. So var det senga når vi var små og trøyte. Og då var det kanskje det aller beste. Eg låg der og lurte på om det kom raude dompappar i juleneket neste morgon. Men eg likte best dei små sporvane.

 **STRYN ENØK AS**

TOSHIBA
VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no

EF 842/2006
Isovalor
F-GASS CERTIFISERT FORHANDLER 

Konfirmantjubilèum i Olden

Olden Sokneråd v/ Reidun Brynestad



Framme frå v.: Johanna Muri Ystanes (71), Olina Dorte Sunde (71), Helga Ingrid Yri Hesland (71), Marit Hafsås Vangberg (71), Anne Margrete Myklebust Tonning (61), Olaug Brynestad (61), Ragnhild Kvamme (70), Ivar Gjerde (60), Kirsti Skarstein (60), Sigrunn Brynestad (70), Styrkår Kvamme (50), Rasmus Yri (61), Vidar Håheim (60), Anders Høgalmen (71), Bodil Brynestad Høgalmen (70), Birger Vangberg (70), Kjellaug Skarstein Bidne (50), Sigrun Skarstein Solberg (70), Magnhild Gytri (50), Atle Nesje (50), Johannes Sunde (70), Marit Oddlaug Vangberg (71), Jørgen Mykløen (70).

Søndag 5.sept. var det konfirmantjubilèum i Olden. Dette er ein årleg tradisjon i september, for 50, 60, 70 og 80-årsjubilantar. P.g.a. pandemien vart det ikkje samling i 2020, så i år hadde vi endå fleire årgangar å invitere. Alle har høve til å ha med følge.

Interessa for å delta er vekslende frå år til år. Denne gongen rekna vi med det kom mange, men fram møtet var litt labert. Det kan vere mange grunnar til at folk ikkje stiller på, men vi får håpe på betre oppslutnad ved neste høve.

Dei som kom, såg i alle fall ut til å setje pris på å treffast, både i kyrkja, og under samlinga på Olden Fjordhotell etterpå.

Det var ei fin gudsteneste ved Harald Runde. Når den var over, var det tid for å ta gruppebilde.

Vi forflytta oss deretter til fjordhotellet, der dei stod klar og tok i mot oss. Vi fekk servert nydeleg sosakjøtt, og sviskegraut til dessert. Kaffi og blautkake stod òg på menyen, etterkvart.

Praten gjekk lett, og stemninga var god.


Litt underhaldning var på sin plass. Ei av dei som serverte oss under middagen, Stella Birthe Poland, spelar noko så sjeldant som harpe. Ho fekk stå for dagens musikalske innslag. Det var vakkert, og blei sett pris på.

Anne Margrete Tonning held takk-for-maten-tale.

Timane gjekk fort, og som avslutning på samlinga las leiaren i soknerådet, diktet «Hymne», av Mag-

nus A. Henden.

Ein koseleg søndag i godt lag, var omme. Takk til dykk som kom, og var med og gjorde dagen so fin!




Stella Birte Poland spela harpe.

Konfirmantfestival i Operahuset

av Beate Nes



Husband



Thor Haavik



Sofia



Heilt ærleg

Laurdag 30. oktober var konfirmantane våre, saman med konfirmantar frå dei andre kyrkjelydane i Nordfjord på konfirmantfestival på Operahuset på Eid. Festivalen var eit samarbeid mellom dei lokale kyrkjelydane, KFUK-KFUM Sogn og fjordane og Bjørgvin bispedøme. Ca 300 konfirmantar var samla til ein dag full av ulike aktivitetar.

Thor Haavik, kjent som «*farmenpresten*» var med på opningsshowet med tema: Gode grunnar til å tru på Gud. Han delte også si personleg forteljing om vandrainga med Jesus som venn. (sjekk «Livsgnisten» på YouTube) Artisten Sofia (Hyttedalen) med hits som «I don't want to lose a friend» og «Loud» var og med.

I tillegg må nemnast det særskild dyktige husbandet (leia av Kristian Storevik) som kom frå Bergen for anledninga.

Midt på dag var det ulike seminar som konfirmantane kunne velje mellom, t.d. hesteskokasting, kor, band- vokal, frisbeegolf, Sporty, ulike friluftslivsgrupper, seminar om seksualitet, «Hinder for rettferd», filmproduksjon, form og farge, dans, Dei store og små spørsmåla?, og tur i bassenget.

Etter at 1100 pizzabollar var spist var det tid for «Heilt ærleg». Ein panelsamtale leia av Ingeborg Koppen Hessevik der konfirmantane fekk stille spørsmål om tru og liv og fekk ærlege svar frå panelet be-

stående av ungdommane Amalie Fure og Håkon Skram Heggen, i tillegg til prest Beate Osdal. Kvelden vart så avslutta med «PostLudium» ei enkel kveldsmesse med musikk ved husbandet, kveldsord, song og dans.



Altertavla i «Ljosheim»

av Olav Kvame

«Ljosheim» vart bygt som bedehus i 1924. Men snart kom det ynskje om at huset også kunne brukast til kyrkjelege handlingar. Kyrkjereis til Olden kunne ofte vere vanskeleg, særleg på vinterstid.

«Ljosheim» vart påbygt kor og klokketårn i 1935 og vart vigsla til kyrkjeleg bruk 22. oktober same året.

Altertava er måla av Vilhelm Bjørknes. Som inskripsjon på tavla står det: «Min fred gjev eg dykk.» (Johs 14.27) Motivet er Jesus etter oppstoda, med naglemerke i hendene. Vilhelm Bjørknes har også måla eit anna bilete som heng i «Ljosheim»: Jesus i Getsemane. Det er mange som likar altertavla og tykkjer at den passar godt i «Ljosheim».



Foto: Bjarte Haugen

Hausttakkegudsteneste i Utvik

Tekst: Jorunn Tisthamar Foto: Eva Kårstad og Jorunn Tisthamar



«Er den kjekkaste gudstenesta i året» var det ei mor som uttalte.

Og tradisjonen tru blei det fint pynta i kyrkja med blomster, frukt og grønsaker. Høgtids-stemte barn kom inn i prosesjon med sine «korgar». Takk for haustens grøde var gjennomgangstenen for gudstenesta. Utvik barnekor deltok med fin song.



Støylsmesse på Kårstadstøylen

Tekst: Jorunn Tisthamar. Foto: Eva Kårstad og Jorunn Tisthamar



I år var det grendene Kårstad og Hammar som var ansvarleg for støylsmessa. «Alterbordet» var fint pynta med markblomster og «altertavla» kunne ikkje finare bli. Fantastisk fin utsikt. Små og store hadde ei fin stund i lag, både under gudstenesta og ved kaffikosen etterpå.

Støylsmessene må vi «ta vare på og hegne om». Kjekt er det at dei ulike grendene i Utvik bytast på å arrangere og at bygdefolket møter opp.



PRESTESTUDENT I PRAKSIS

av Henny Koppen

I fire veker denne hausten har vi vore så heldige å ha Ann Kristin Langeland i observasjonspraksis i kyrkja i Stryn. I denne perioden skulle ho fyrst og fremst setje seg inn i korleis vi gjennomfører dei kyrkjelege handlingane, fyrst og fremst gudstenester, dåp og gravferd. Ho har vore med på gudstesteplanlegging, preikeverkstad, dåpssamtale og sørgesamtale. Ho har delteke i konfirmasjon og dåpsgudsteneste og i hausttakkefest.

Ho har fått med seg stabsmøte, soknerådsmøte og møte i fellesrådet, og ho har vore med i gravferd. Ann Kristin har vore sentral i det nasjonale arbeidet med ny organisering av kyrkja, og dette har vi fått glede av i desse vekene. Ho har undervist oss om tankegangen bak nyorganiseringa og sett tankane i sving når vi no skal gi høyringssvar.

Til våren kjem Ann Kristin tilbake for å observere trusop-



plæringsarbeidet i området vårt. Det gler vi oss til alt no.

Julebasar på Betania

av Henny Koppen

Den årlege julemessa på Betania måtte avlysast i år. Men soknerådet kasta seg rundt og avgjorde at vi kan halde ein basar i staden. For det som julemessa har levert av pengar til trusopplæringa og til barne- og ungdomsarbeidet i over 40 år, det lar seg ikkje erstatte utan vidare.

Så i staden for salsmesse på Betania den 1. laurdagen i advent, blir det basar. Vi har ope hus frå kl 1200 til 1400, og i løpet av denne tida blir det kafe, med sal av kaker og det som høyrer til, åresal, underhaldning og trekning av bøkene. Kyrkjeringsmedlemmer stiller

med kransar for sal. Vi håpar på god oppslutning, sjølv om det er mest basar denne gongen. Datoen er 27. november.

Eksempel på gevinstar: 2 slike nissar med stol laga av Tove Kjørstad/Ottar Hol.



SKRUK KJEM TIL OPPSTRYN

av Henny Koppen



I februar er SKRUK på turne med eit flott korprogram, og laurdag den 19. februar blir det konsert i Oppstryn kyrkje kl 1700. Oppstryn kyrkje har 300 sitjeplassar, likevel trur vi det løner seg å vere tidleg ute denne dagen, for dette koret vil mange høyre. Dei 50 songarane har mykje å by på og dirigenten, Per Oddvar Hildre (PROTS) er ein meister når det gjeld å lokke fram vakker musikk

frå dei unge songarane. Han blir rekna som ein av Europas leiande kordirigentar og har motteke fleire utmerkingar for arbeidet sitt. Koret har blitt nominert til Spellemannsprisen tre gonger.

I over 40 år har Per Oddvar Hildre dirigert koret, og gjennom alle desse åra har SKRUK vore plogspiss og grensesprengar innan norsk kor-musikk. Sidan starten i 1973 har

dei samarbeidd med ulike musikalske samarbeidspartnarar i inn- og utland. Dei har gitt ut over 25 album, med variert og spennande kormusikk.

Korsongarane møtest 4 helgar i løpet av året, i tillegg til ei lengre sommarsamling. Og ei av desse helgane kjem dei altså til Oppstryn kyrkje. Merk dykk dag og tid: Laurdag 19. februar kl 1700.

La Grace få fylle fem år

Tekst: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

Akkurat no ligg Grace trygt i armene til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av morskjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

— Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace

no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dubla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nød-

hjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

— Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykel til mødrer som ikkje når fram i tide.

— Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødningar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemnd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg



Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helsesenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timar tidlegare.

framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman for andre. Slik at fleire får fylle fem år.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

**SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE
JULEGÅVA I ÅR:**

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

-Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.

Misjonsarbeidet i Mali held fram, trass i mykje uro.

av: Frode Brügger-Sætre

Sju av sokneråda i indre Nordfjord har samarbeidsavtale med NMS om misjons-prosjekt i Mali.

Heilt sidan Norge saman med NATO bomba Libya og fekk fjerna Gadaffi og afrikanske leigesoldatar rømte heim og slo seg ned i Mali, har dei saman med IS gjort det vanskeleg for kvite å drive misjon blant fulianerne. Misjonær Frode Brügger-Sætre frå Austerheim i Nordhordland, fortel siste nytt frå Mali.

Misjonsarbeidet i Mali held fram,

trass i mykje uro.

Misjonsorganisasjonen NMS sin lokale partner, MELM, har for tida fem misjonær-einingar i Mali. Ein familie frå Nigeria jobba i Severe. To familiar frå Kamerun jobbar i Segou-regionen, ein familie frå Begin som jobbar i utkanten av Bamoako, også Magadji Thomas frå Kamerun, som er direktør for MELM. Misjonærfamiliane jobbar som før med evangelisering og undervisning av kristne. Dei fire familiane frå Kamerun og Begin er støtta av NMS.

Dei to kyrkjelydane som MELM har starta er relativt sjølvgåande i det daglege, og møtest fast til gudstjeneste og bøn på sine heimstadar i Sentral-Mali. Dei kristne fulianiane lever i ein farleg situasjon, der dei er under press frå militante islamistar på den eine sida, og etniske militsar som er fiendtlege mot alle fulaniar på den andre sida. Dei kristne treng vår forbøn i ein farleg og vanskeleg situasjon.

Landsbyutviklingsprosjektet som jobbar mot omskjæring av jenter har måtta tilpassa arbeidet sitt på

grunn av mykje uro. Arbeidet held likevel fram. Ei evaluering gjort av eksterne ekspertar i januar 2021 viser at MELM sitt prosjekt er det prosjektet i landet som oppnår best resultat når det gjeld å redusera omfanget av omskjæring i sine områder. Prosjektet er nå inne i sin andre fase, og 13 landsbyar har skrive under på at dei vil slutta med omskjæring av jenter. Arbeidarane i prosjektet møter motstand og truslar frå enkelte grupper, og er takksame for forbøn.

I tillegg til landsbyutviklingsprosjektet hjelper MELM også med krisehjelp til interne flyktningar som har rømt frå uro på landsbygda og inn til dei større byane.

NMS-misjonær Anne Lise Matre og

den lokale bibelomsetjaren Moussa Sankarare tok i august opp att arbeidet med å omsetja Det gamle Testamentet. Dei har som mål å publisera dei fem mosebøkene i løpet av våren 2022. Det vil bli eit viktig bidrag til den framveksande kyrkja sitt liv og utvikling. Misjonen gjev no Moussa Sankarre ansvar for å leia omsetjingsarbeidet, og Anne Lise får ei rolle i å støtta og utrusta han som ekseget, omsetjar og leiar.

MELM held fram med radioarbeidet sitt. Kvar veke produserer ein kristne program som vert sendt på rundt 30 lokalradioar rundt om kring i Mali.

NMS- misjonær Frode Brügger-Sætre har medan han har vore i Norge, jobba med å sjå over ei omsetjing

av, og lese korrektur på boka «The Way of of Rightenousness» av Paul D. Bramsen. Boka er ein over 700 sider lang muslimvenleg gjennomgang av bibelen, som MELM ønskjer å gjeva ut på Massina-fulani.

Siste nytt er at Frode har fått lov av leiinga i NMS å reise ut att. Planen er å slå seg ned like over grensa til nabolandet, kor det er trygt for kvite, og halde kontakta med dei lokale fulianske medarbeidarane. Kolonimaktene som lagde landegrensene, tok ikkje omsyn til folka som budde i Afrika, så det bur fulianere på begge sider og har samkvem med kvarandre.

Misjonsarbeidet til NMS held altså fram, på trass av vanskar knytt til sikkerheitssituasjonen!

Tidlegare Kyrkjevevjerje Alv O. Bergset 90 år

av Geir Ståle Vatnamo



I oktober runda Alv O. Bergset 90 år. Kona Agnete feira sin 90 års dag i januar. – Så no er vi 180 år til saman, smilar den lune jubilanten. Han ser framleis ut som ein staut og rakrygga mann, og ber sine 90 år utruleg bra.

Går vi 11 år tilbake i tid, fekk Alv O. Bergset tildelt H.M. Kongens Fortenestemedalje i sølv. Denne fekk han overraskande tildelt av dåverande ordførar Nils Petter Støyva under friluftsgudstenesta ved Bergsetnausta 2. pinsedag i 2010. Vi vågar å tru att Alv også har vore med som pådrivar til realiseringa av «Naustmessa» som har vore arrangert kvart år 2. pinsedag. Unnateke i corona tida.

H.M Kongens Fortenestemedalje i sølv heng høgt. Det står svært stor respekt av alt det kyrkjelege, politiske og samfunnsnyttige arbeid som Alv har vore med på i omlag 50 år. Då Nordsida Kyrkje stod ferdig i 1973, veit vi att Alv var sterkt med



Alf har nettopp fått kongens forteneste medjale utdelt av ordføreren.

i planlegginga og gjennomføringa av nytt kyrkjebygg på Nordsida. Han var og ein plogspiss i soknerådet, der han var formann i mange år. Dessutan må ein understreke att Alv var den fyrste kyrkjeverja i Stryn etter den nye ordninga.

Alv er konfirmert i Utvik. Han veit kor tungvint det var før i tida då folk frå Sølvberg, Bergset, Gald, Fjellkårstad og Jevnlid måtte i robåt for å komme til Utvik Kyrkje. Slik vart det anten det var barnedåp, konfirmasjon, bryllaup eller gravferd. Var det uver på sjøen, blei det godt for kyrkjefolket å kome inn i eit naust på andre sida og rette på kleda før kyrkjegangen. Sjølv om dette sikkert hadde sin sjarm, er folk i dag lukkelege over å ha eiga Kyrkje på Nordsida.



Her helser Alv O. Bergset på H.M Kong Harald, ilag med kona Agnete.

Alv vaks opp i Stongfjorden i Sunnfjord. I 1946 flytta familien heim til Bergset der Alv allereie i konfirmasjons alderen tok til som bonde. Soleis vart det pålagt han eit stort ansvar. Etter kvart vakna interessa og engasjementet for lokalmiljøet, bygda, kyrkja og det politiske arbeidet. Alv sitt samfunnsengasjement førte han inn i politisk arbeid gjen-

nom KrF. I 40 år har han vore aktiv i alle ledd i partiet, med 23 år i lokalpolitikken, 12 år som medlem av fylkestinget og ei 10 års periode som vararepresentant til stortinget. I ein kort periode møtte han på stortinget for Lars Gunnar Lie, som då vart statsråd i regjering.

I 1958 fekk mjølkebonden Alf O. ein tur til USA av 4H saman med tre andre frå Norge. Han var innom nær halvparten av alle statane i USA frå New York i aust til Seattle i vest. Han fekk med seg alt i frå innhausting av mais til stell av ku

og gris på amerikansk vis. Denne sterke opplevinga tok han med seg heim til Stryn, og hadde sjølv sagt mykje å fortelje om i dei lokale 4H laga.

Far til Alv hadde trø-orgel i heimen. Ein belgtrøar. Her lærte Alv fort å spele, og i vaksen alder har han vore organist både i Nordsida og Randabyda. Alv er og ein sterk familiemann. I lag med kona Agnete har dei fire barn, ni barnebarn og fjorten oldebarn. Stolt viser han fram eit bilete der eit av oldebarna brukte same dåpskjolen som han sjølv brukte for 90 år sidan.

Alv er ein mann med godt humør, og då vi spurde kva «O'en» i namnet står for, seier han med eit smil om munnen at faren heitte Ola. Og for att kjærleiksbrevet frå Agnete i Olden skulle kome fram til rett postkasse og ikkje til ein annan mann i bygda med same førenamnet som han; – måtte han berre heite Alv O. Bergset.

-Takk for praten Alv O.



Alf saman med kona Agnete.

NMS Gjenbruk,
eit skattekamer for deg
som elsker gjenbruk –
og kloden vår!

**Eidsgata 5,
6770 Nordfjordeid
Telefon 404 45 420**

**Måndag–laurdag 11-15
Torsdag 11-16.30**



nmsgjenbruk.no

Eplesorten «Hildvinar»

av Olaug Mork

I forrige «Kyrkjelokka» vart det skreve om epledyrking i Nordfjord og om nokre gamle sortar. Eplesortane Floeple og Hildvinar er blandt dei etterlyste sortane som Norsk genressurscenter ynskjer å ha i sin database. Åsmund Asdal, seniorrådgjevar ved Norsk genressurscenter skreiv i artikkelen «Etterlyser 52 fruktsortar» publisert jan.2009 at dei sakna sortane er nasjonalskattar. Dei representerer ei rik kulturhistorie, og inneheld nyttige eigenskap. Og det er viktig å få identifisert dei sakna sortane medan folk hugsar navna og utsjånaden på dei.

Eg har vorte kontakta om at der står eit Hildvinar-epletre i Innvik.



Det er uvisst kor gamalt treet er, men truleg mellom 60-100 år. På garden hadde dei mange tre av denne sorten tilbake i tid, men har no kun eit tre att. I 2012 vart dette treet meldt inn då Hildvinar var et-

terspurd som mandatsort pga. sin verdifulle eigenskap, for bevaring i genarkivet. Eigar fekk ikkje respons på korleis ordne registreringa, og historia til sorten er ukjend. Men ein prøver no å få teke genmateriale. Hildvinar-eple er mest raudt på farge med sjatteringar av gult og grønt. Smaken er vanskeleg å forklare, men lett gjenkjenneleg for eigar. Av andre gamle sortar dei har er eit tre av kvar sort av Sefstadholm, Torstein, Signe Tillisch, raud og gul Gravenstein, Åkerø, og Philippa.

Så no kjenner vi til at Stryn kommune framleis har både Nordfjorddeple og Hildvinareple som er sett på som nasjonalskattar.



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

**Vi er her når du treng oss som mest,
og hjelper deg med å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd.**

Slik som du ynskjer.

Tlf. 905 50 905

Sjå vår nye heimeside: www.hjelmeland.as

Julekvelden

Dagfrid Muri

Helg og høgtid kan vi i Noreg sjå fram til i-grunnen. Alle treng ferie og litt fritid. Vi må ha grunn til å glede oss – og grunn til tru.

Familien er sentral i mange kulturar. Familiefolk skal halde saman. (Jamfør t.d. 6 bodordet.) Stundom vert det gjenforeining av splitta familie. Venskap kan fornyast og fremjast.

«Elsk nesten din som deg sjølv», heiter det. Gud er Ånd. Heilag-Anden høyrer til. Den kveikjer nytt ljøs og lyser i våre liv.

Jesus-barnet kan vere og var «Sann Gud» og «Sant Menneske». Julekvelden – julaften - feirar vi Jesu fødsel. Det er ein spesiell årsdag vi feirar då. Vi feirar han som vart fødd i ein stall i Betlehem. Foreldra kan ifølgje reell tradisjon vere Maria og Josef. Mara var «ei jomfru rein». Ho var nok ikkje syndarinne. Men prøvingar vart det nok for

henne og.

Menneska lever i ei noko utruleg og underfull verd. Menneskeverdet må aktast på overalt.

Gud skapte menneska i sitt bilete. Vi er skapte til å vere medmenneske – og vise nestekjærleik, agape. Vi skal og alltid ta vare på oss sjølve. Vi kan leve og utvikle oss – og arve «Det evige livet». «Det evige livet» er ei gåve. Den gåva kan vi takke ein Allmechtig Far for – og også Jesus Kristus, den oppstadne Frelsaren.

Religionar kan nok vere ulike. Men det kan vere og verte dialog, dialog som fremjer sant, ekte liv, pen framferd, glede, samhald og kløkt. «Julekveld i stova» må vi kunne sjå fram til. Mange kan synge og gå kring pent pynta juletre. «Eg er så glad kvar julekveld, for då vart Jesus fødd». Jesu fødsel kan gje grunnlag for glede som varer: Ei

sann tru. Sanne menneske kan vi då vere. Løgn og bedrag seier vi *nei* til. Vi seier *ja* til Truskap og Frelsaren.

Vi kan då stå på fast grunn. Vi helsing då kvarandre: «Velsigna julekveld!».

Syng, englehærer,

syng med salig jubel!

Å syng, myriader,

i himlens slott:

Ære til Gud

og fred blant oss på jorden!»

God julehelg ynskjer eg alle, dette året og komande år!

Med helsing
Dagfrid Muri



Salmekveld i Utvik kyrkje

Tekst: Mette Carlsen Bilete: Oddhild Hilde



31.oktober var det salmekveld i Utvik kyrkje. Det var organist Galya som leia kvelden. Ho hadde plukka ut salmar med ulike bruksområder, ho fortalte om kvar slame, spelte gjennom eitt vers før alle song gjennom salma. Ho hadde invitert gjester til å vere med å delta. Leiv Tore Kårstad ønskte vel-



kommen på vegne av soknerådet, Elise Kårstad sang ei salme, Mette Carlsen spelte to salmar frå galleriet og nokre av damene frå Vikane blandakor avslutta. Det var kjekt å lære litt ukjende, men fine og me-



lodiøse salmar. Vi i Utvik sokneråd håper desse salmane kan bli brukt framover og at vi kan ha fleire slike kveldar for å bli kjend med den songskatten som salmeboka er.

Salmekveld i Oppstryn Kyrkje

av Beate Ø. Glomnes

Ein regntung søndagskveld i oktober inviterte vi til salmekveld i Oppstryn kyrkje.

Vi var så heldige at Frotskoddekorret stilte opp og song for oss denne kvelden. Alt er så mykje enklare å få til når vi slepp corona-restriksjonar.

Henny ønskte velkomne, og starta med å fortelje litt om Elias Blix. Vi song ein salme av han, Med Jesus vil eg fara.

Vi song Kyrie i to versjonar; først Iver Kleive sin versjon og deretter ein samisk versjon.

Vi hadde besøk av ein prest i opplæring, nemleg Ann Kristin Lange-land. Ho fortalde litt om Kyrie eleison og samle 832 Blå salme. Denne song vi ilag etterpå.

Koret song Den fyrste song av Per Sivle med ein ny tone. Etterpå song alle denne med tradisjonell tone.

Vi song nokre kveldssongar t.d. Ned i vester soli glader av Anders Hovden, og damene i koret song So ro, godt barn.



Siste salme for kvelden var nr. 812 Se solens skjønne lys og prakt.

Alt akkompagnert av dyktige Anders Kvile på piano.

Det heile vart avslutta med Bruremarsj frå Øre, med Henny ved pianoet og song av koret. Mektig og vakkert.

Etter synging og speling var det godt med kaffi og noko å bite i. Soknerådet stilte med kyrkjekaffi i midtgangen. Koslig å kunne slå av ein prat til slutt.



Elektroinstallasjon og service.

Har du et lite eller stort oppdrag ?

Vi dekker heile Stryn Kommune og Hornindal mm.

Nyinstallasjon , ombygging, el - kontroll, termografering, elbil lading, og gode råd. KONTAKT OSS !

Stryn Elektro AS

Tonninggt. 27,
6783 Stryn

Tlf: 91719949 /57872920

E-post: prosjekt@strynelektro.no
www.strynelektro.no



MEMBER AV ELEKTRIKERKJEDEN

EL-PROFFEN





Min salme

ved Berit Fure Emmerhoff

Denne hausten har vi som bur i Bergensområdet vore heldige å kunne delta på ikkje mindre enn to misjonskonferansar. Inntrykka frå desse to helgane har gjort at salmen «Guds menighet er jordens største under» har surra i bakhovud tidt og ofte. Denne salmen vart derfor eit naturleg val då eg skulle skrive om «Min Salme» i Kyrkjelokka. Salmen er skriven av Ronald Fangen i 1942. Vi finn den i Sangboken fra 1962. Salmen blei opprinnelig skriven som ei kantate til Det Norske Misjonsselskap sitt 100 års jubileum i august 1942.

Etter den første misjonskonferansen kom eg heim med to bøker. Den første handla om Marie Monsen og hennar teneste i Kina før andre verdenskrigen. Boka trekker fram bøna sin plass og kva bøn hadde å seie for vekkinga som kom over Kina. Opne Dører fortel oss at Kina no har 97 millionar kristne. Den andre boka handla om vekkinga i Iran. I boka « Den store vekkelsen i Iran» kunne eg lese om store vekkingar blant det iranske folket både i sjølve Iran, men også utanfor landets grenser blant iranarar som bur i andre land. Det har blitt sagt at Iran er det landet der flest menneske kjem til tru på Jesus akkurat no. Vekkelsane i desse to landa, der menneske kjem til tru i hopetal og dei politiske forholda absolutt ikkje legg til rette for at dette skal skje, får meg til å tenkje på under - at Guds menighet veks og lever eit under som berre Gud kan gjere!

På den andre misjonskonferansen

Guds Menighet er jordens største under

Av: Ronald Fangen

Guds menighet er jordens største under!
Mens verdens skikkelse i hast forgår,
Er Kristus i all evighet den samme,
Og fast hans rike på sin klippe står.
Mens verdensriker stiger og de synker,
Går kirken mot fullkommenhetens vår.

Så kommer dagen da alt hat skal smelte
Som snø og is for sol og sommervær.
Da faller Satans makt, Da skal hans velde
Gi tapt for frelsens stridsmenn, for Guds hær.
Med jubel skal de høste hva de sådde
Og salige få se ham som han er.

Å hellig håp! Å sanne, sikre løfte
Fra ham som aldri skifter sinn og art!
Er natten lang, er kampen full av kvaler –
Som morgenstjernen lyser løftet klart.
Det er Guds eget ord: Du skal ha trengsel,
Men kjemp frimodig, – se, jeg kommer

I neste neste utgåve av Kyrkjelokka har eg utfordra systema mi Kari Fure til å skrive om sin salme.

var det fokus på unådde folkegrupper. Det var ei alvorstyngd forsamling som fekk høyre at det endå er over 7000 unådde folkegrupper. Kva gjer vi med dette? Kva kan eg og du gjere?

Bøn er eit av dei viktigaste reiskap som Gud har gitt oss. Alle kan vere

med og be, nokon blir kalla til å reise ut og nokon skal vere støttepartnarar her heime. Alle har vi ei oppgåve inn mot misjonsbefalinga som Jesus gav til oss alle saman. Men av og til kan vi bli motlause og vi kan lure på om det er mulig å nå alle desse folkegruppene? Den andre strofa i salmen gir meg håp og

tru på at det er mogleg, sjølv om oppdraget er stort. Ronald Fangen skriv at «mens verdens skikkelser i hast forgår er Kristus i all evighet den samme, og fast Hans rike på sin klippe står». Vi treng å minne kvarandre på at Jesus er den same i dag som han var for 2000 år sidan. Vi kan endre oss, verda rundt oss endrar seg heile tida, men Jesus endrar seg ikkje! Han er den som Han seier at Han er.

I det andre verset kjenner vi gleder av at vi ein dag skal vi få hauste det som har blitt sådd. Det står ingen ting om kor lenge vi må vente, men det vil bli innhausting, og Gud har kontrollen.

Det siste verset i salmen tar oss inn i håpet, det sikre løftet som er gitt av Han som ikkje forandrar seg. Vi blir utfordra til å kjempe frimodig der Han har sett oss, og blir minna om at Jesus snart kjem tilbake!

Menigheta som du og eg går i er også ein del av dette underet som Guds menighet er. Kanskje kan det kjennast ut som underet er langt vekke til tider, og at ting ser heller håpløst ut? Då kan det vere godt å spørje Jesus korleis Han ser det, og kva som er Hans perspektiv og draumar for akkurat di menighet. Han er i går og i dag den same, og har lova å alltid vere med. Han vil gi di menighet framtid og von!

Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ

STRYN • VOLDA • STAD



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. **458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyingar

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Advent

Tida føre jul heiter advent. Ordet kjem frå det latinske Adventus Domini. Det tyder: Herrens kome.

I den lutherske og den romersk-katolske kyrkja omfattar advent dei fire siste vekene føre jul.

Første søndag i advent er også starten på eit nytt kyrkjeår.

Advent tek ikkje til på ein viss dato. Første søndag i advent er den søndagen som kjem nærmast 30. november. Det kan vere mellom 27. november og 3. desember.

I år startar adventstida 28. november. Eg har kikka på kalenderen for år 2022 og fann ut at då startar advent 27. november.

Isralsfolket venta på Herren. I Salme 33.20 kan vi lese: <Vi ventar med lengsel på Herren.> I vers 22 står det klårt: <Det er deg (Herren) vi ventar på.>

Etter lang venting kom engelen Gabriel til Maria med budskapet: <Du skal verta med barn og få ein son, og du skal gje han namnet Jesus.>

Så kom Herren som eit nyfødt barn som fekk namnet JESUS.

Det var ei stor hending, og tidsrekninga starta på nytt. Det heiter før og etter Kristus.

Kva betyr advent for oss?

Eg kan svare med to setningar.

1. Vi skal vente på og førebu julehøgtida.

2. Vi skal også vente på at Jesus skal kome att. Lat oss førebu oss på det i tankane våre

< Sjå, han kjem med skyene! Kvart auga skal sjå han. > Joh.openb. 1.7

I fjor møtte eg spørsmålet: Er ad-

vent ei forsvunna høgtid?

Eg svarte i mitt indre eit NEI, men innhaldet i desse vekene har endra seg mykje dei siste 40- 50 åra.

Dei som er komne opp i høg alder, minnest dei mange gjeremåla i desember, slakting og stell av kjøtet, baking av flatbrød, lefser og småkaker, grundig husvask, lagging av klede som ofte var julegåver, brygging, og tillaging av ved til mange helgedagar.

Juletreet kom inn veslejulaften, og lysa skulle kveikjast julaften. Treet stod gjerne til 20.dags jul, men ikkje lenger.

No kan det meste kjøpast både av mat og klede. Oppvarming får vi ved å slå på ein brytar, enkelt og reinsleg. Julemat vert servert i heile advent på hotell og kafear. Advent har vorte julebordstid. Juletre kjem opp tidleg i hagar og tun. Inne lyser stjerner og adventstakar. No er mykje av julestemninga teken inn i adventstida.

Det er framleis mange som gjer sin innsats med både baking, vasking og liker også å leggja i omnen.

Eg trur der var meir forventning før enn no, men framleis er det forventning om <heim til jul>, kven kjem, eller når skal vi reise?

Nye ting er komne til som er gledeleg. I mest alle kyrkjer vert det høve til å samlast til konsertar. Mange skular arrangerer skulegudstenester, og familjegudstenestene på julaften samlar mykje folk. Endringane har kome litt etter litt. Det har ein samanheng med auka velstand.

Handelen i desember aukar år for år. No er somme byrja å spørje: Skal vi henge på denne karusellen? Kanskje kan adventstida vere som ei fastetid med mindre handling, mindre skjermbruk, mindre TV, mindre snop eller billigare julegåver m. m. Då kan vi leggje til sides nokre pengar som kan bli gåver til trengande. Nøda i verda er stor. Det vert også meir tid til familien, adventstund i sofakroken med kveikte adventslys på bordet, stille og fred der ein kan lese, samtale, høyre juletonar eller syngje eller lese julesongar. PRØV!

Så kjem den 24. desember. Haldis Reigstad uttrykkjer det slik:

<Å, for ei jublande glede,
no er det jul igjeng.
Stjerna skal vise oss vegen,
sjå dette himmelske lyset
strålar i natta enn.>

Lat oss gleda oss over at
Frelsaren kom!
Lat Han få rom i hjartet
ditt!
God jul i kvar heim!



Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Nordsida

Døde:

18.09. Jenny Fjellkårstad f. 1922
08.10. Knut Olav Dokset f. 1942

Hornindal

Døpte:

16.10. Amalie Haugen Bøe.
For. Karina Haugen og Trygve
Sætren Bøe
24.10. Hedda Tomasgård Tven-
deseter. For Anja Bertine To-
masgård og Stian Tvendeseter

Døde:

03.09. Olav Sætren f. 1955
05.10. Anita Brenna Muldsvor
f. 1970

Nedstryn

Døpte:

10.10. Emma Magenbauer Kjøs-
nes. For. Vilde Kjøsnes og Mathias
Magenbauer
10.10. William Holden Rake. For.
Emmely Dvergsdal Holden og Stian
Rake

Vigde:

25.09. Kristianne Ørjasæter Brei-
dablik og Erlend Hegg Lund

Døde:

06.09. Liv Heidi Berg f. 1953
16.09. Aslaug Nilsen f. 1930

Oppstryn

Døpte:

19.09. Julia Krumsvik Guddal. For.
Merete Ommedal Krumsvik og
Mons Rune Guddal
19.09. Andreas Flo. For. Elin Fallin-
gen Aaboen og Odd Arne Flo

Innvik

Døde:

22.09. Magne Dragesæt f. 1932
26.09. Alf Drageset f. 1936

Utvik

Døde:

07.10. Arne Valaker f. 1932

Loen

Døpte:

16.10. Sofia Sande Setvik. For. Kri-
stine Sande og Øyvind Setvik
17.10. Tale Helen Lyslo Kvamme.
For. Anne Lyslo og Jørn André
Kvamme

Vigde:

11.09. Concepcion Ladeza Bernal-
dez og Kristian Tjugen Myklebust

Olden

Vigde:

21.08. Carina Muri Slettestøl og
Ole André Aa
04.09. Malene Sunde og Daniel
Halmrast

Døde:


23.08 Atle Sunde f. 1943

Randabygda

Døpte:

19.09. Bjørk Nesbakk Rand. For.
Vibeke Rand og Stig Ove Nesbakk
10.10. Gustav Normann Hellevang.
For. Kristin Normann Hellevang og
Rolf Magne Aaland Hellevang





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: **Kyrkje i Indre Nordfjord**
Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

28. november; 1. s i adventstida

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Lys-Vaken
- Olden 11:00 Gudsteneste Lys Vaken for Loen og Olden
- Innvik 16:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Lys-Vaken for Randabygd og Nordsida

05. desember; 2. s i adventstida

- Randabygd, Rand Grendahus 12:00 Basargudsteneste

10. desember; fredag

- Hornindal 17:00 Julekonsert

12. desember; 3. s i adventstida

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 16:00 Julekonsert
- Loen 18:00 Julekonsert
- Innvik 18:00 Julekonsert
- Hornindal 20:00 Lysmesse med konfirmantane

16. desember; torsdag

- Nedstryn 10:00 Barnehagegudsteneste
- Oppstryn 20:00 Julekonsert

19. desember; 4. s i adventstida

- Ljosheim 11:00 Førjulsgudsteneste
- Olden 14:00 Julekonsert
- Nedstryn 19:00 Julekonsert

24. desember; Julaftan

- Oppstryn 12:00 Gudsteneste
- Randabygd 13:00 Gudsteneste
- Loen 14:00 konsert og 14:30 Gudsteneste
- Olden 14:00 Lek gudsteneste
- Utvik 14:30 Julegudsteneste
- Nordsida 15:00 Gudsteneste
- Innvik 16:00 Julegudsteneste
- Nedstryn 16:15 Gudsteneste

25. desember; Juledag

- Nedstryn 08:00 Juleotte.
- Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste

26. desember; Stefanusdagen / 2. juledag

- Betania, Stryn 11:00 Gudsteneste med julepregang
- Nordsida 12:00 Høgtidsgudsteneste

31. desember; Nyårsafta

- Hornindal 14:00 Gudsteneste

01. januar; Nyårsdag / Jesu namnedag – Matt 18, 19-20

- Nedstryn 12:00 Internasjonal gudsteneste
- Utvik 12:00 Gudsteneste

02. januar; Kristi openberringsdag – Joh 12, 42-47

09. januar; 2. s i openberringstida – Joh 1, 29-34

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste. Vi minnast dei døde i 2021
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

16. januar; 3. s i openberringstida – Joh 1, 15-18

- Innvik 11:00 Gudsteneste. Vi minnast dei døde i 2021
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

23. januar; 4. s i openberringstida – Luk 13, 10-17

- Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste
- Loen 15:00 Gudsteneste. Årsmøte / fest

30. januar; 5. s i openberringstida – Joh 5, 1-15

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Kyrkjehelg for funksjonshemma
- Utvik 11:00 Gudsteneste. Vi minnast dei døde i 2021

02. februar; Kyndelsmesse – Luk 2, 22-40

- Nordsida 19:00 Ung messe

06. februar; 6. s i openberringstida / Samefolkets dag – Mark 13, 21-27 / Joh 21, 9-13

- Oppstryn 20:00 Syng med oss
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

13. februar; Såmannssøndag – 5 Mos 6, 1-9

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Tårnagent
- Innvik 11:00 gudsteneste
- Nordsida 11:00 Karnevalsgudsteneste

20. februar; Kristi forklaringsdag – Luk 9, 28-36

- Loen 11:00 Gudsteneste

27. februar; Fastelavnsøndag – Luk 18, 31-34

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 19:00 Kveldsgudsteneste

02. mars; oskeonsdag – Mark 2, 18-20

06. mars; 1. s i fastetida – Matt 26, 36-45

- Olden 11:00 Gudsteneste
- Randabygd 11:00 Tårnagentgudsteneste

13. mars; 2. s i fastetida – Luk 13, 22-30

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Nedstryn 19:00 Salmekveld

20. mars; 3. s i fastetida – Luk 22, 28-34

- Loen 11:00 gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste

27. mars; Maria Bodskapsdag – Luk 1, 39-45

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste

03. april; 4. s i fastetida – Joh 6, 24-36

- Hornindal 11:00 Gudsteneste.
- Årsmøte

10. april; Palmesøndag – Joh 12, 1-3

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste. Utvik barnekor deltek
- Ljosheim 19:30 Gudsteneste

14. april; Skjærtorsdag – Joh 13, 1-17

- Nedstryn, Bøasætra 12:00 Fri-luftsgudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Bruasætra, Hornindal 12:00 Fri-luftsgudsteneste
- Nordsida 19:00 Kveldsgudsteneste
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste

15. april; Langfredag – Joh 18, 1-19,42

- Nedstryn 11:00 Pasjonsgudste-

neste

- Olden 20:00 Pasjonsgudsteneste

16. april; Påskenatt / Ottesong – Rom 6, 3-11 / Mark 16, 1-8

17. april; Påskedag – Joh 20, 1-10

- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste. Påskefest
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Nordsida 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste. Påskefest
- Randabygd 13:00 Høgtidsgudsteneste

18. april; 2. påskedag – Joh 20, 11-18

- Loen 18:00 Salmekveld



Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?

No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde. Den norske kyrkje samarbeidar med Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar i menighetene.

Meir informasjon om fosterheim på

fosterheim.no



Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Kling no, klokka!

T: E. Blix

M: Halle 1705, 1708, Folketonevariant frå Oppdal
S: F. Valen

1. Kling no, klok - ka! Ring og lok - ka, ring og lok - ka frå tu - sen tårn!

To - na om frel - sa! Kal - la og hel - sa, kal - la og hel - sa med fred Guds born!

Kling no, klok - ka! Ring og lok - ka, ring og lok - ka frå tu - sen tårn!



Neste nummer får du i posten rundt 24. mars. Redaktør vert Jarle Hesesevik.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hesesevik@enivest.net innan 18. februar.